



## STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Vestland Fylkeskommune  
(sendast kun på e-post)

Dykkar ref.

Vår ref.

Bergen, 15.10. 2021

### **Vedr. – planid 1222201901 – Fitjar sentrum – Fitjar kommune. Ref. 2019/18475-4. – Resultat frå marinarkeologiske registreringar.**

Vi viser til tidligare korrespondanse i saka. Museet varsla krav om marinarkeologiske undersøkingar i fråsegn dagsett 05.11. 2019.

Bergens Sjøfartsmuseum gjennomførte 11-12.10. 2021 dei marinarkeologiske undersøkingane i tiltaksområdet. Undersøkinga vert gjennomført med sidesøkande sonar. I og med at sonarundersøkinga ikkje indikerte eit høgt potensial for marine kulturminne vert undersøkingane tidleg avslutta utan dykking.

Konklusjonen frå undersøkingane er at det ikkje vart gjort funn som omfattast av Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, § 14.

Vi har elles ingen andre merknader til reguleringa.

Det er mogleg at det kan ligge kulturminne i det aktuelle området. Vi gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Med vennlig helsing  
for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Tord Karlsen  
Marinarkeolog

---